



## Notat

Dato: 23.02.2018  
Arkivsak: 2018/92-68  
Saksbehandlar: linfar

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda  
Utval for opplæring og helse  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Skulefrukost - opptrapping

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt budsjettvedtak i desember 2017, der det vart sett av 2,5 mill. kroner til opptrapping av ordninga med skulefrukost.,

I 2015 gav Helsedirektoratet ut nye retningslinjer om mat i skulen - Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i skulen. Der blir det understreka at måltida er ein grunnleggjande faktor i eit læringsperspektiv, fordi dei fremjar konsentrasjon og læring, og bidreg til trivsel i skulekvardagen. Handlingsprogrammet under *Regional plan for folkehelse – fleire gode leveår for alle 2014-2025*, er under revisjon og viser tydeleg i eige tema under kapittelet oppvekst og læring, tiltak om vidareføring av ordninga med gratis skulefrukost. Eit organisert og sunt frukosttilbod før skulen begynner er helsefremjande. I tillegg vil elevane samlast på ein arena som bør ha som mål å vere både sosial og inkluderande, og som på sikt kan bidra til å redusere sosiale forskjellar i helse.

Midlar til gratis skulefrukost blei lyst ut til dei vidaregåande skulane 03.01.2018, og hadde søknadsfrist 17.01.2018. Det er gledeleg å konstatere at 33 skular har søkt om støtte til ein total sum på 10 158 402,-. Det er sett av kr 6 500 000 i 2018 til formålet, og alle midlane er fordelt på skulane som har søkt. At talet på søknader har auka frå i fjor, vitnar om stor interesse for eit frukosttilbod, og auka forståing for at tiltaket har noko å bety for elevane sitt fysiske og psykiske læringsmiljø.

Midlane som blir fordelt på skulane, skal gå til råvarene dei treng til frukosten, ikkje til løn i samband med gjennomføring av ordninga. For å kunne ha oversikt over korleis skulane disponerer midlane, pliktar dei å sende inn ein rapport med frist **15.12.2018**, om organisering, økonomi og deltaking. Rapporten skal sendast opplæringsavdelinga.